



SPRÅKLIG SAMLING

Nr. 1 – 1986 27. årg. Kr. 15,00



*Tema: Minoriteter
og norskopplæring*

Hvordan kan vi bli bedre?

Denne gangen skriver vi til ei avveksling leder om oss sjøl – altså det bladet du nå holder i handa – og om dere lesere. Det er altfor sjelden vi hører fra dere, men vi trur dere er ei mangfoldig gruppe. Fra noen får vi såleis ros for vår faglige profil og for våre forsøk på å beskrive språksak og språkproblemer fra nye innfallsvinkler. Fra andre får vi høre at vi er for ensidig faglig prega og tungt tilgjengelige.

Vi kan neppe gjøre alle til lags, men vi kan jo prøve. Ønsker du mer av f.eks:

- språkpolitisk stoff i mer tradisjonell forstand, f.eks. rapporter og sitater fra språkstrider og -debatter rundt om i landet?
- «vervende» stoff om LSS og det laget står for?
- stoff om konkrete språkbbruksproblemer, godt og dårlig språk osv. – f.eks. i form av ei «språkspalte» med svar på leserbrev?
- illustrasjoner – for å bryte opp en for kompakt tekstmasse?
- enkeltstående artikler og småstoff, m.a. mindre av temanummer? Eller er den fordjupinga disse nummera gir høve til, nettopp en verdi?

Vi tar gjerne mot kritikk og forslag på andre punkt enn vi har nevnt her (også ros, sjølsagt!), og vil prøve å ta hensyn til reaksjoner som virker representative. Endringer vil nok måtte skje over litt lengre sikt, etter som hvert nummer må planlegges og forberedes mange måneder i forveien. Økonomien og kapasiteten i redaksjonen setter også grenser for hvilke tiltak vi kan satse på: alt redaksjonelt arbeid og all stoffproduksjon skjer gratis og på fritid. Derfor er vi avhengig av aktiv hjelp fra dere om vi skal kunne lage et bedre blad; lokale rapporter må i stor grad komme fra dere, for ikke å snakke om leserbrev med spørsmål! På lengre sikt kommer vi også til å trenge flere redaksjonelle medarbeidere som bor i Oslo-området; skal bladet få ei trygg framtid, vil det bli helt nødvendig at flere blir med på å dra lasset slik at det blir mindre tungt for den enkelte.

LSV

Framsided bildet er tatt for en del år sia, og viser samebarn utafor folkeskolen i Kautokoineo.

Utlånt av Dag og Tid.

Språklig Samling

Redaksjon: Lars S. Vikør (ansv. red.),
Øyvind Haaland, Ivar Utne,
Knut S. Vikør (redaktør for temastoffet)

Bladpenger: Kr. 50,-.

Utgitt av:

LANDSLAGET FOR SPRÅKLIG SAMLING

Medlemspenger: Kr. 75,- pr. år; for skoleelever, studenter og pensjonister: Kr. 40,-.

Leder: Svein Lie

Frydenlundgata 17
0169 Oslo 1

Lagets og bladets adresse:

Postboks 636 Sentrum, 0106 Oslo 1

Postgiro 5 16 37 87

Utgitt med støtte fra Norsk kulturfond

TEMA: MINORITETER OG NORSKOPPLÆRING

Språkminoritetar i norsk skule	3
Hva bør lærere vite om tospråkligheit? Intervju med Ove Lorentz	4
Morten Rønning: Samisktalende elever og norsk skriftspråk	6
Utenlandske studenter og norsk: Språklig bakgrunn viktigst	8
Fra Språkrådets årsmøte 1986	9
Lars S. Vikør: Bokmål – riksmål	9
DOKUMENT: Rettsvern for samisk språk?	
I. Eit lovutkast	10
II. Ei fråsegn	11
BØKER	
Jan Olav Fretland: Trådane skal samlast. (T. Andresen o.a.: <i>Språkboka</i> /T. Berg og R. Guldal: <i>Alle tiders norsk</i>)	12
Lars S. Vikør: Ivar Aasen i ny utgåve. (I. Aasen: <i>Om grunnlaget for norsk målreising</i> /I. Aasen: <i>Prøver af Landsmaalet i Norge</i>)	13
Tor Erik Jenstad: Norsk dialektkunnskap. (Helge Sandøy: <i>Norsk dialektkunnskap</i>)	14
Lover for LSS	15
Tomas Refsdal: «Benhård»	15
Kom med forslag til litteraturprisvinner!	16
Smånytt	16

Så var det turen til posthuset, da!

Vi håper du ikke drøyer med den, og at du husker på å ta med den vedlagte blanketten.

Før du leverer den inn, bør du se etter at alt som står der, er riktig. Det gjelder særlig de av dere som får den for første gang. Feil skal dere melde fra om direkte til oss (adressa står i ramma øverst på denne sida), men dere betaler med blanketten uansett så sant bare sjølve beløpet er riktig. Viss det er feil (f.eks. viss en abonnent får krav om full medlemskontingent, dvs. kr 75,-), så skal dere sende hele blanketten inn til oss med opplysning om hva dere skal betale, og samtidig betale den riktige summen direkte til postgirokonto 5 16 37 87 med vanlig innbetalingskort.

Merk: Ordet MEDLEMSKORT i venstre kant på kvitteringsdelen av det kortet dere får, er uten betydning. Det hører med til standardutstyret på blankettene fra Postgiroens Foreningsservice, som har overtatt medlems- og abonnentregistreringa vår. Den klassifiseringa som gjelder («medlemskap», «abonnent», «pensjonist» eller «student») står påtrykt på kvitteringsdelen.

SPRÅKMINORITETAR I NORSK SKULE

Ikkje alle nordmenn har norsk som morsmål. Det har alltid vore sanning, men det har blitt synlig i dei siste tiåra. Kva må konsekvensane bli for det norske språksamfunnet?

I teorien er det vel offentlig einigheit om at ein må foreine to strategiar. Minoritetane må få utvikle sine kulturelle særtrekk, og ta vare på sin identitet. Det kan ikkje vere noe mål å integrere alle til å bli kulturelle nordmenn, og det viser seg også at god kjennskap til eige morsmål er ein føresetnad for å lære eit fremmdt språk godt nok.

Dessutan må utdanninga i norsk vere så god at medlemmene i dei mindre språkgruppene kan fungere på lik line med dei som har norsk morsmål ute i samfunnet.

*I praksis har det vel ikkje blitt **satsa** noe særleg på noen av desse strategiane. Litt morsmålsundervisning er komme i gang, men ikkje så det monnar, og det som er har vore særleg utsett for sparekniven, avdi det ofte er meir kostbart enn anna undervisning (og kanhende blir sett på som «ekstra»-undervisning). I norskundervisninga er det vel i liten grad tatt hensyn til at mange elevar – også dei som er fødte her i landet – møter med andre språklige føresetnader enn fleirtalet. Resultatet ser ut til å vere at vi er på full fart mot eit fleir-kulturelt*

*samfunn, der kulturskillet er horisontalt. Ein norsk kultur ligg øvst, og er ofte den einaste synlige kulturen i landet. Sub-kulturane som dei ulike minoritetane held oppe, ligg virkelig **under**, både i sosial status og i synlighet.*

*Skuleverket er ikkje einaste kampplassen her, men når det gjeld språkspreiinga er det svært viktig. Det er både den konkrete opplæringa, og haldningsdanninga, vurderingane av dei ulike språka, som blir forma i undervisninga. I dette nummeret tar vi mest opp den andre av dei to strategiane – møtet mellom språkminoritetane og norskundervisninga. Vi tar konkret utgangspunkt i dei problema **samane** møter, men andre språkminoritetar har tilsvarende vanskar (sjå Anne Hvenekilde (red.): Mellom to språk – 4 kontrastive språkstudier for lærere, og Hvenekilde/Ryen (red.): Kan jeg få ordene dine lærer?). Konklusjonen er at den språklige bakgrunnen til elevane som må komme i fokus også i opplegget av norskundervisninga. Det må bety å gjøre minoritetane synlige, også som brukarar av norsk språk. Det må vel også bety, som Lorentz peiker på, at vi må stille spørsmål ved kva som er målet for undervisninga, kva som er fullverdig norskkompetanse for norske elevar med ikkje-norsk morsmål. □*

HVA BØR LÆRERE VITE OM TOSPRÅKLIGHET?

Intervju med Ove Lorentz

En av de norske språkforskerne som har satt seg best inn i de problema tospråklighet kan føre til, er Ove Lorentz, førstelektor (for tida professorvikar) i allmenn språkvitenskap ved Universitetet i Tromsø. I dette intervjuet drøfter han på et prinsipielt grunnlag spørsmålet: Hvordan kan norsklærere best takle de problema som elever/studenter med andre morsmål har med det norske språket?

Lorentz tar konkret utgangspunkt i samenes problemer, sjøl om de prinsippene han drøfter har like mye gyldighet for andre i liknende situasjon. Intervjuet blei opprinnelig sendt i et program om «Minoritetsrelevant lærerutdanning» i Studentradioen i Tromsø for ei tid sia, og intervjuer var Marit Krogtoft. Det vi trykker her, er et utdrag av radiointervjuet, redigert av redaksjonen i Språklig Samling i samarbeid med Lorentz sjøl.

Språkforma i svara er Lorentz' egen, bygd på en «unionsnormal» av alt som er tillatt i bokmål og nynorsk tilpassa Lorentz' eget talemål. I disse «Har det på tunga»-tider kan jo leserne teste seg sjøl ved å spørre seg hvor dette talemålet stammer fra.

– Er det noen grunn til å gi kommende lærere noen spesiell informasjon om tospråklighet?

– Ja, det tror eg. Lærere er ofte ikkje forberedt på den situasjonen de kan møte om de f. eks. kommer til en tospråklig bygd. En lærer på en skole i Troms sa i et avisintervju at det gikk lang tid fra han kom til bygden til han oppdaget at det var et tospråklig miljø der. Han hadde inntrykk av at dette ble holdt skjult. Dette kommer naturligvis av at det for ikkje så svært lenge siden har vært ført en politikk med sterk språklig undertrykking, som har ført til at minoriteten har følt seg mindreverdige.

Oppfatningen av samisk som et mindreverdige språk finner vi både hos samer og nordmenn. Det finnes en god del populære myter som kan bygge opp under et slikt syn. F. eks. vil nordmenn som hører samisk i radio, lett legge merke til norske lånord, og de tror da kanskje at samisk må vere fattig på ord. Men i alle språk lager eller låner man seg nye ord etter behov, og ser vi på norsk, så finner vi antakelig mange flere lånord (siden det er flere som bruker norsk under ulike forhold). Det mest oppblandete språket i verden er vel engelsk. Så ut fra dette kan ikkje samisk vere mindreverdige i forhold til norsk.

Det norske talemålet til de tospråklige elevene er også et blandingsspråk, som kan vere nokså forskjellig fra det de norskspråklige snakker. Dette blandingsspråket kan vere grammatisk avvikende, siden elever med samisk som første språk allerede har lært ett grammatisk system, og vil ta med seg litt av dette inn i norsken. Det som da blir resultatet, er en ny norsk dialekt, som innenfor sitt miljø kan vere like funksjonell som enhver annen dialekt.


Men det er ofte liten toleranse blant lærere for de avvikene fra andre norske dialekter vi da får, siden de er ukjente.

– Hva slags avvik kan det være?

– Avvikende ordbøyning er kanskje særlig viktig. Samisk og finsk har andre bøyninger enn norsk, og bøyningssystemet i førstespråket er overlært, siden bøyninger er obligatorisk tilstede i alle setninger. I samisk og finsk er det f. eks. ikkje kjønnsbøyning. Elevene vil derfor ha store problemer med dette, for kjønn er jo som regel ikkje begrunnet i noe logisk. Det heter jo *ei løve, en hest og et esel*, uavhengig av kjønnen til det dyret det er snakk om. Dette er svært vanskelig å lære – det gjelder foresten også engelsktalende, som heller ikkje er vant med kjønnsbøyning.

Dette fører til typer av feil i skriftlige arbeider som norske elever ikkje gjør, og læreren tror kanskje at det må vere noe alvorlig i veien med en elev som kan gjøre disse feilene år etter år. Den mest vanlige feiltypen hos de norskspråklige elevene er jo rettskrivningsfeil.

Eg har lagt merke til at elever som har gått noen år på skolen, har lært seg måter å unngå lærerens røde blekk på. De bruker en slags unnvikelsesstrategi. Samisk har jo f. eks. ikkje forskjellige pronomen som svarer til *han, hun, den, det*. Og det er en komplisert forskjell. En elev i gymnaset skrev denne setningen i en skolestil om språket sitt: «Foreldrene som kan språket, tenker at det ikke er noen vits i å lære barna språket, for de får ikke bruk for språket når det er så få som kan språket.» Her er eleven så redd for å velge galt pronomen at han bare gjentar *språket* hele veien. Læreren rettet



Ingen sak å lese når orda er kjent fra før! (Foto: Dag og Tid).

bare språket til det én gang, og lot resten stå. Setningen er jo ikkje grammatisk gal, men den gjør et klosset og ubehjelpelig inntrykk.

Det er viktig at lærerne får mer toleranse for denne typen språklige avvik, og ikkje tror at slike feil betyr at elevene er mindre begavet. For det har eg inntrykk av at en del lærere faktisk har trodd – mens det bare har vært snakk om elever som snakker en annen type blandingspråk enn det vi er vant til. Eg vil understreke igjen at norsk også er et blandingspråk, og at eg ikkje er redd for slik blanding.

«Halvspråklighet»

– Når vi snakker om tospråklighet og flerspråklighet, detter vi ofte borti ord som halv-språklighet. Hva er det?

– Slik eg forstår det, er det at en person lærer å bruke ett språk i én type situasjoner og et annet i en annen type situasjoner, f. eks. norsk på skolen og samisk hjemme. Det viser seg da at når en skal snakke om ting en har lært på skolen, må det gå på norsk. Her tror eg det først og fremst er ordforrådet som er problemet igjen, altså den flyktigste delen av språket. En klarer ikkje å uttrykke alt på samisk, for en har ikkje lært ordene på samisk.

Ordet *halvspråklighet* er blitt svært belastet, siden mange tror at det er noe galt med et menneske i denne situasjonen, at en blir handikappet på en måte. Men en såkalt «halvspråklig» kan jo minst like mye språk som enspråklige, og har utviklet like mange begreper, sjøl om de kommer til uttrykk gjennom ord som opprinnelig hører til forskjellige språk.

– Men det må iallfall være upraktisk f. eks. å ikke ha ord for å fullføre en setning på det språket en har begynt på?

– Ja, men det kommer vel an på hvem en snakker til. I et samisk miljø kan f. eks. norske tallord godt

fungere inne i en samisk setning. Hvis alle bruker de norske tallordene de har lært på skolen, kommuniserer de fint for det. Det er jo ikkje noe verre enn at nordmenn snakker om *hands*, *corner*, *offsiden*, *keeper*, *back* osv. når de snakker om fotball.

– Så lærerens oppgave er å utdype toleransen for feil som blir gjort ut fra den språkbakgrunnen elevene har?

– Ja, eg tror faktisk at «halvspråklighet» først og fremst er et sosialt problem. Ut fra et nøytralt språkvitenskapelig synspunkt er en samisk-norsk dialekt av den typen de såkalt «halvspråklige» bruker, ikkje vesensforskjellig fra andre språk. Men en slik dialekt blir ofte oppfattet som «ødelagt» og dårlig, både av de som bruker den og de som snakker «reiner» norsk eller samisk. Et slikt språk blir ofte ikkje sosialt akseptert utenfor lokalsamfunnet.

Lærerne er også ofte oppriktig bekymret for elever som bruker samisk-norsk dialekt. For lærerne er problemet at skolen forlanger at samene når de er ferdig med grunnskolen skal være fullt ut tospråklige, like gode i et skriftlig norsk normspråk som i samisk. Og alle skal jo gjennom eksamen. Spørsmålet er om det er rettferdig å forlange at språkminoriteter skal lære seg norsk på samme nivå som de som har det som morsmål. Eg har arbeidskamerater på universitetet som er utlendinger. Enkelte av de skriver et norsk som er preget av avvik som kommer av den språkbakgrunnen de har. Men det fungerer, og vi godtar avvikene fordi vi vet hvem som har skrevet det, at det er høyt utdannete folk som er vel kvalifiserte for jobben sin.

Så vi trenger vel ikkje forlange at alle skal beherske de norske skriftnormene like godt. Men slik er altså reglene for skolen. Og lærerne kan jo ikkje sjøl bestemme å se bort fra det. Så da må vi heller innføre regler om spesiell bedømmelse av elever som har norsk som fremmedspråk til eksamen. En skiller jo ofte ikkje i Norge mellom norsk som morsmål og norsk som fremmedspråk.

– Dersom lærerne fikk en bakgrunn i samisk eller finsk, ville det ikke være mye lettere for dem å forklare slike ting som må virke merkelige i norsk?

– Det er klart at det ville øke forståelsen hos lærerne om man kunne gi de en innføring i de mest typiske avvikene de har i vente, f. eks. i ordbøyingene. Det gjelder selvfølgelig også uttalen, som gjenspeiles i ortografien, f. eks. når samer skriver *trikke* for *drikke*, og setningsbygningen, kor samsvarbøying og preposisjonsbruk er blant det vanskeligste. Det tar også lang tid å mestre ordforrådet. Tenk bare på slike ting som *liggellegge* og *sittel sette*. Det er jo merkelig i norsk at et eple *ligger* mens en tallerken *står* på bordet. Det er noe en må lære ved å høre språket i bruk, det går ikkje å gi regler for sånt. Alt dette hører inn under undervisning i norsk som fremmedspråk, og det faget finnes vel enno ikkje på lærerskolene. □

SAMISK TALANDE ELEVAR OG NORSK SKRIFTSPRÅK

Av Morten Rønning

Kva blir i praksis resultatet av møtet mellom samisk og norsk språk i skulen? Morten Rønning, som underviser i norsk ved vidaregåande skule i Karasjok, har gått gjennom typiske «feil» som elevar med samisk-språklig bakgrunn gjer. Han viser korleis slike feil, som kan sjå ut som manglande språkevne, i realiteten er grunna i kategoriane elevane har med seg frå morsmålet sitt.

Når ein skal gjøre greie for kva for feil samisktalende elevar gjør i norsk, kan det vere på sin plass først å nemne at samisk er eit finsk-ugrisk språk. Litt om korleis språket er bygd opp hører òg med.

Samisk blir ofte nemnt som eit kassuspråk, nord-samisk har t.d. seks kasus. Språket har ikkje grammatisk kjønn (genus) og ingen skilnad på bunden og ubunden form av substantiv. Fordi kasusmarkeringane viser kva funksjon leddet har i setninga, er ordstillinga noe friare enn på norsk. Der vi på norsk bruker preposisjonar, bruker samisk gjerne kasusmarkeringar eller postposisjonar.

Lydsystemet skil seg òg noe frå norsk. Både *y*, *ø* og norsk *u* manglar, men samisk har både lys og mørk *a*. Diftongane er heller ikkje som på norsk, dei opnar seg, mens dei norske lukkar seg. Samisk har noen fleire konsonantar enn norsk har. Konsonantsamband som er vanlige på norsk, fins ikkje på samisk – og omvendt.

Ordtilfanget er svært ulikt norsk sjølv om det i samisk blir brukt ei heil rad norske lånord og lånord frå andre språk som ofte er komne inn gjennom norsk. Eg tenker her på samisk slik det blir snakka og skrive i Norge. På finsk og svensk side av Sameland vil sjølvstøtt dei fleste lånorda komme frå dei språka storsamfunna der brukar.

Når samisk er morsmål og dagligspråk både mellom barn og vaksne, er det klart at samisken vil påverke norsken til elevane. Norsken blir mangelfullt utvikla fordi han blir lite brukt, og dei som brukar norsk snakkar kanskje ikkje så godt sjølv. I tillegg kjem meir direkte påverknad frå det samiske språket på norsken.

Substantivbøying

Så over til dei ulike typane språkfeil. Det er ikkje lett å gjette seg til kva kjønn eit ord har på norsk. Sikrast er det å tippe hankjønn. Det er inkjekjønnsorda som lir, rett og slett fordi det er såpass få av dei. Kjem ein utanom dei mest vanlige inkjekjønnsorda, blir det lett feil. Hokjønn er det knapt nok bryet verd å lære bokmålskrivande samar, dei har nok å stri med i alle fall. Når det blir avstand

mellom artikkelen og sjølv substantivet, blir det svært lett feil: «den ytterste rommet». Eleven har tydeligvis visst at *rom* var inkjekjønn, likevel går det gale. Ein ting er å kjenne til kva kjønn eit ord har og korleis det skal bøyas, vanskeligare ser det ut til å bli når ein skal vise tilbake til substantivet med pronomenet *den* eller *det*. Om eit inkjekjønnsord i første omgang har fått rett kjønn, blir det likevel vist til det med pronomenet i hankjønn.

Samisk skil ikkje mellom bunden og ubunden form av substantiv. For norsk går det an å formulere ein tommelfingerregel om dette skillet: Det som blir nemnt for første gong, skal stå i ubunden form, mens det som alt er nemnt ein gong, skal stå i bunden form. Den regelen held eit stykke på veg, men ein kjem snart til tilfelle der regelen ikkje er god nok. Einkvar nordmann, eller *daža* som det heiter på samisk, vil da straks føle på seg om substantivet skal stå i bunden eller ubunden form. Med den språkbakgrunnen samane har, vil dei mangle ei slik språkkjensle. Da er det ikkje lett å vere lærar og skulle forklare korfor eit substantiv skal og må stå i bunden form der eleven har skrive ubunden. Det vanligaste er nok at eleven nyttar ubunden form om ho eller han ikkje veit bestemt at det skal vere bunden form. «Folk løper over gate», «Jeg spurte gutter» og «ved elvekant» kan vere døme på manglande forståing for bruk av bunden form.

Bunden og ubunden artikkel manglar òg i samisk. «Jeg løftet lille ungen» høres bra ut for mange samisktalende elevar. Likså «Jeg vil bli en rørlegger». Det er ikkje så greitt å vite at det er ein artikkel for mye i dette eksemplet: «Voldsfilmene... gjør en stor skade.»

Leddstilling

Hovudsetnings leddstilling er det vanligaste og derfor det enklaste. Oftast går det greitt så lenge det ikkje står eit adverbial fremst i setninga. Og det gjør det stort sett ikkje, for den som er usikker i eit språk vel helst det enklaste uttrykket og den språkbruken som er mest rett fram. I leddsetningar vil leddstillinga gjerne følge mønsteret for hovudset-

Tema: Minoriteter og norskopplæring

ningar. Språkkjensla til samane tilseier ikkje noka anna leddstilling i leddsetningar. Samisk har som nemnt ei friare ordstilling enn norsk fordi kasusmarkeringane kan vise kva funksjon ord har i setninga. Den som ikkje fullt ut kjenner og meistrar reglane for ordstilling, vil sjølvsagt òg vanskelig greie å endre leddstillinga for å få eit meir avvekslande og nyansert språk. Slike vanskar vil ikkje vere lette å oppdage utan å gå systematisk til verks og samanlikne med dei skriftlege arbeida til elevar som har norsk som morsmål. Noen eksempel skulle illustrere det som er sagt i dette avsnittet: «Jeg skal skrive om tre personer, jeg glemmer aldri.» «De ville holde skjult for barna og andre om at Stephanie var egentlig død.» Også i heilsetningar kan leddstillinga vere eit problem: «Så jeg prøvde å snakke med dem, men de liksom ikke hørte på meg.»

Samisk har personending i verba og skil mellom eintal, total og fleirtal. Av den grunn er det ikkje nødvendig å ha med subjektet like ofte på samisk som på norsk. I dei to døma som nå følgjer bør ein ha med subjektet *han* i den andre heilsetninga, men for ein samisktalande kan det vere like bra utan: «Guttens navn er Erik og er 17 år gammel og bor i Bergen.» «Det var en mann som aldri kom ned fra fjellet, så ikke folk og likte seg best alene.»

Preposisjonar

Eit problem som alle som skal lære norsk som fremmedspråk har, er preposisjonsbruken. Innfødde norske språkbrukarar kan òg vere i tvil her, og bruken av preposisjonar har skifta opp gjennom tidene. Problemet er stort, men det gjeld slett ikkje bare samar, og det skulle derfor vere nokså godt kjent frå før. Preposisjonsbruken i norsk er i mange tilfelle ulogisk, og det fins få reglar å rette seg etter.

Eg skal nøye meg med noen eksempel med kommentarar på galen preposisjonsbruk: 1) «min oppfatning med rasisme», 2) «i en alder på 14 år», 3) «Flyet skal lande til New York», 4) «Jeg trenger en hybel å bo», 5) «De vil få bruk av dette».

I alle desse tilfella har vel skribentane blanda saman med nærliggande uttrykk. 1) Preposisjonen *med* hadde vori rett om eleven hadde skrivi: «Med rasisme mener jeg...». 2) I dette uttrykket høver ikkje *på*, men «ei jente på 14 år» er rett. 3) Flyet er på veg til New York, og eleven har heilt logisk brukt preposisjonen *til* framfor *i*. 4) Her er preposisjonen utelatt; om eleven hadde hugsa at det skulle vere med ein preposisjon her, hadde det helst blitt *i*. På norsk går det godt an «å bo et sted», så det er ikkje så rart at eleven har utelatt preposisjonen. 5) Her kan det vere uttrykket «gjøre bruk av» som er blanda inn. Eg tør ikkje seie noe om kva dei samisktalande elevane har størst problem med, men preposisjonsbruken må i alle fall komme høgt opp på lista.

Lydsystemet

Samisk manglar *y*, *ø* og den norske *u*'en. Ord med desse vokalane kan derfor by på problem, særlig om dei er sjeldne eller dei kan blandas saman med nærskylde ord med annan vokal. *Fylte* blir *fulte* (helst med to *l*'ar), *flukten* blir *flykten* og *lyst* blir *lust*.

Verre er det nok med ein del konsonantsamband som ikkje fins i samisk. Blant dei som er vanskelige er *dr/tr*, *br/pr*, *bl/pl*, *gr/kr*, og *gl/kl*. Det fins fleire, men desse skulle kunne tene som illustrasjon. Det er ikkje nok med at desse konsonantsambanda ikkje fins i samisk, men heller ikkje skiljet *d/t*, *b/p*, eller *g/k* fins i framlyd. Dei samiske framlydane er ustemte, og dei har ikkje postaspirasjon (ein etterfølgjande pustelyd) som dei norske *t*, *p* og *k* har. For å seie det enkelt ligg den samiske lyden i kvart av desse para mellom dei tilsvarende norske.

Sjolv om samane i det store og heile snakkar godt norsk, kan ein mange gonger høre av desse lydane og lydkombinasjonane at det ikkje er ein innfødd norskalande som snakkar. Desse vanskaner avspeglar seg så i skrift. Vi får døme som *draff* for *traff* og *trakk* for *drakk*, *klo* for *glo*, *blukker* for *plukker* og *problem* blir gjerne til *proplem*. Desse språkvan-skane har vori gjenstand for mye vitsing blant nordmenn som ikkje har hatt særlig forståing og velvilje overfor samane sine uttaleproblem. Når samane til dømes ser ein bil med GB ved sida av nummerskiltet, blir dei svært forsiktige, for da trur dei det er griminalbolitiet som er ute og kjører.

Verb

Kva tid eit verb skal stå i, er ikkje så fastlagt på samisk som på norsk. Etter utsegnsvorb er det til dømes ikkje så klart skilje mellom direkte og indirekte tale på samisk som på norsk. Det fører gjerne til at vi får presens i leddsetninga der vi på norsk skal ha ei anna tid: «Han sa at vi slukker bålet.» «Jeg trodde at tauet ryker.» «Jeg drømte noe som jeg alltid husker.» «Mer skulle det ikke før krangelen er i gang.» (I den siste setninga har eleven òg glømt *til*.) Årsaka til at verba i leddsetningane kjem i feil tid, ligg altså i at ein står friare til å velje kva tid av verbet ein vil bruke enn vi gjør på norsk.

Det siste punktet eg vil ta opp, er verb med tilhørande refleksivt pronomen. Tilsvarende fins ikkje på samisk, og slike uttrykk må derfor elevane lære så godt dei evnar. «Fire år senere giftet Sabrine med Lord Denton Longworth som var veldig rik.» «Der kunne jeg bli til moren ombestemte.» «Hos andre klistrer den fast i hjernen.» Det som klistrar seg fast i hjernen er ei bok noen har lesi. Som vi ser blir det refleksive pronomenet glømt. Om elevane ikkje veit særskilt at det refleksive pronomenet høver med, bruker dei rimeligvis verbet utan pronomen. Det same gjeld om subjektet står i ein annan person enn her. Da får vi gjerne «jeg ombestemte» heller enn «jeg ombestemte meg.»

Norsk nødvendig

Eg har til nå ikkje nemnt manglande ordforråd og manglande kjennskap til ståande ord og uttrykk. Når dagligspråket ikkje er norsk, og elevane jamt over les lite, vil norsken ikkje bli like godt utvikla som hos einspråklig norsktalande. Likevel er norsk påtrengande nødvendig, og norsk språk har blitt meir nødvendig etter kvart som storsamfunnet har trengt seg meir og meir på i samiske område. Norskunnskapane er trulig betre enn noen gong. Etter at samisk blei fag i skolen, i alle fall i dei samiske kjerneområda, har òg samisken styrkt stillinga si. Få har kunna skrive samisk så godt som dei som har gått ut av grunnskolen i dei siste åra

eller som nå går i ungdomsskolen.

Vi skal til slutt hugse på at samiske skoleelevar i tillegg til dei problema som er spesielle for dei, har alle dei problem norsktalande elevar slit med. Eg veit knapt om noe i norsk språk som er lettare fordi ein er same – det måtte i så fall vere *og/å*-problematikken. Samisk har nemlig ikkje noe infinitivmerke.

Dei som har lesi denne artikkelen, har kanskje fått det inntrykket at både samisk språk og samiske elevar manglar både det eine og det andre. Eg vil be dei snu problemstillinga på hovudet, så ser dei kanskje kva nordmenn flest manglar av samiskunnskapar. At norsk språk manglar mye i forhold til samisk, går det trulig an å forestille seg. □

Utenlandske studenter og norsk

SPRÅKLIG BAKGRUNN VIKTIGST

Gode resultater i norsk for utenlandske studenter er ikke vesentlig avhengig av hvilken type motivasjon en har for å studere eller av ønsket om å bli integrert i vertskulturen. Det viser en studie av 170 utenlandske studenter fra 33 forskjellige land ved Universitetet i Bergen. Den språklige bakgrunnen og hvordan de har lært fremmedspråk før de kom til Norge er nok viktigere for resultatene, sier Bjørg Svanes ved Lingvistisk institutt.

Spesielt i amerikansk pedagogikk blir det lagt stor vekt på motivasjonen når en skal forklare resultat i språkopplæringa. Den blir delt opp i integrativ motivasjon, ønsket om å gå opp i eller få bedre kontakt med flertallskulturen, og instrumentell motivasjon, der språket bare blir sett på som hjelpemiddel for f. eks. å lære andre fag. Integrativ motivasjon skulle så gi bedre resultater enn den instrumentelle.

Dette holder ikke stikk når det gjelder utenlandske studenter i Norge, sier Svanes. Det er en signifikant forskjell i resultatene i norsk alt etter bakgrunnen for studentene. Studenter fra Europa har i snitt en karakter på 2,17, mens de fra Asia har i snitt 3,15–3,16. Amerikanere ligger noe lavere enn de europeiske studentene, med 2,28. Overraskende nok har gruppa av studenter fra Afrika og Midt-Østen klart bedre karakter i snitt enn de fra Asia, med ca. 2,70. Forskjellen er signifikant (ikke tilfeldig etter statistiskernes mål). Det er vanskelig å forklare dette ut fra generelle kulturforskjeller. En kan nok forklare resultatulikheten mellom studenter fra i- og u-land på denne måten, men kulturbakgrun-

nen i Ghana og Tanzania er ikke nærmere den norske enn den i Bangladesh eller Malaysia. Så vidt jeg kan se, må forskjellen heller ligge i det reinte språklige. På grunn av hele koloniseringsperioden har europeiske språk fått dominere undervisning o.l. i de afrikanske landa, og også de arabiske landa som vi har studenter fra, Marokko, Tunis og Libanon. I land som India og Bangladesh, der engelsk også blir brukt i undervisninga, har likevel nasjonale språk en langt mer dominerende stilling. Dette kan ha hatt som effekt at av studentene som har gjennomgått videregående undervisning i de to typer land, så er det de afrikanske studentene som i språklig bakgrunn ligger nærmest de europeiske og amerikanske. Dette ser altså ut til å være viktigere enn den allmenne kulturforskjellen.

Når det gjelder motivasjonen, så spiller den ingen signifikant rolle. Jeg har i undersøkelsen brukt tjue variabler for integrativ og instrumentell motivasjon, og kan ikke finne noen korrelasjon av betydning med språkferdigheten. Type motivasjon ser ikke ut til å spille noen rolle for språkferdigheten i dette materialet, sannsynligvis fordi studenter som reiser til et fremmed land som Norge for å studere, alle er motivert for å lære. Hvilken form for motivasjon kan ha forbindelse med bakgrunnen de kommer fra. Forskjellen i språkferdighet kan skyldes summen av flere faktorer, bl.a. morsmålets avstand fra norsk, og kjennskapet til et annet europeisk språk. Undervisningsopplegg for slike studenter og elever må derfor grunnes på kjennskap til elevenes språklige bakgrunn.

FRÅ SPRÅKRÅDETS ÅRSMØTE 1986

Det var ikkje dei heilt store språkpolitiske sakene som sto på sakskartet da Språkrådet hadde årsmøtet sitt på Kongsberg 24.–25. januar i år. Den viktigaste var samekulturutvalets tilråding, som m.a. inneheld utkast til ei samisk språkløyv (sjå s. 10 i dette bladet). Her fekk rådet to alternative utkast til fråsegner, eitt lagt fram av styret i rådet, og eit anna lagt fram av Tove Bull. Bulls utkast gjekk lenger i retning av å stø opp under dei tiltaka samekulturutvalet foreslår enn styret sitt, som på si side la meir vekt på praktiske problem ved somme av desse tiltaka og på at ikkje norskens stilling i det samiske språkområdet måtte bli svekka. Begge utkasta vart noe modifisert under ordsiftet, men ved avrøystinga fekk Bulls utkast eit klart fleirtal. Vi gjengir den vedtatte fråsegnen på s. 11.

Ein gjengangar på saklista var «Normering av tekster i leseverk» – ei sak også grundige lesarar av Språklig Samling vil vere vel kjent med. No vart det omsider vedtatt eit hovudprinsipp for normeringa av slike tekster. Det er slik:

«1 Tekster i leseverk for grunnskolen og den videregående skolen skal som hovedregel normeres etter rettskrivningen. Det skal gjøres unntak for *poesi*. Poesi kan stå 'varsomt normert'.

2 Originale norske tekster og oversatte tekster skal behandles likt.»

Vedtaket inneber at det strengaste normeringsgrunnlaget skal vere offisiell rettskriving med alle tillatne sideformer – ikkje læreboknormalen. I tillegg var det semje i rådet om ein del utfyllande retningslinjer som opnar for meir liberal normering i særlege tilfelle, t. d. når stilistiske grunnar eller forfattarens bevisste språksyn tilseier det.

Av meir spesielle saker kan vi nemne at rådet mot to stemmer vedtok at det neste hundreåret skal kallas *totusentalet* (og ikkje *tjuehundretalet*), og at det ikkje greidde å samle seg om ei ny kjønnsnøytral nemning for «formann/varaformann», som det framleis heiter ifølgje vedtektene for rådet. *Leiar*/

nestleiar fekk fleirtal i nynorskseksjonen, *ordførar/varaordførar* i bokmålsseksjonen – og vedtektene krev at alle vedtak skal ha fleirtal i begge seksjonar.

Også denne gongen var det ein god del rettskrivingsendringar oppe, dei fleste gjaldt enkeltord. Somme av desse framlegga førte til engasjerte debattar: skal det heite *japp* eller *yap*? (Det vart vedtatt å sjå på ordet som ei døgnfluge og la vere å normere det.) Og skal dei som har appetitt på sånt ete *smalahovud* eller *smalehovud*? (Begge seksjonane vedtok *smalahovud*.)

Stort sett slapp bokmålsseksjonen lett denne gongen. Nynorskseksjonen måtte bøye seg over framlegg om ei ny regulering av forholdet mellom endingane *-ing* og *-ning*, i retning av å styrke *-ing* og hokjønnsending, og her kom det så mange innvendingar på ulike detaljpunkt at saka vart sendt attende til fagnemnda. Også i det nynorske pronomen-systemet hadde fagnemnda foreslått endringar, og dei fekk tilslutning til eit framlegg om å gjere *annen* og *hennes* til sideformer (til no jamstilt med *annan* og *hennar*). Eit framlegg om å ta inn *dokk* – *dokker* som sideformer til *dykk* (objektsform) og *dykkar* vart derimot avvist.

Ved vala vart det *nesten* fullt attval på styre og fagnemnd. Styreformann dette året er Leif Mæhle, varaformann Else Marie Lønn, andre styremedlemmer Einar Lundebø, Aksel Lydersen, Borgny Tøfte og Kjell Venås. Formann i fagnemnda er Einar Lundebø, varaformann Kjell Venås, medlemmer elles Andreas Bjørkum, Tove Bull, Bjarne Fidjestøl, Tor Guttu, Eyvind Fjeld Halvorsen og Egil Pettersen. Den eine forandringa var at Geirr Wiggen, som sat i fagnemnda i fjor, no vart skifta ut med Tor Guttu gjennom loddtrekning etter stemmelikskap i bokmålsseksjonen. Dette er tredje gongen desse to kjempar på målstreken om denne fagnemndplassen, hittil har dei alternert regelmessig – og så får vi i LSS håpe at det gjentar seg neste år òg.

LSV

BOKMÅL – RIKSMÅL

I siste nummer av *Språklig Samling* (4/85 s. 16–18) går Eric Papazian inn for å betrakte riksmålet som noe «prinsipielt anna enn bokmål» – han mener altså det er snakk om «to klart atskilte skriftspråksvarianter». Hovedargumentet for dette er ulikskapen i offisiell status mellom riksmålet og bokmålet. Vi får altså tre skriftspråksvarieteter av norsk: nynorsk, bokmål (begge med offisiell status) og riksmål.

Etter mitt syn er ikke denne inndeling særlig fruktbar eller meningsfylt – siden de reint språklige fakta helt åpenbart tilsier at hovedskillet går mellom nynorsk på ei side og bokmål/riksmål på den andre. Feilen ved Papazians resonnement slik jeg ser det er at han ensidig definerer de ymse *varietetene* av norsk skriftspråk («målfornene») som fast kodifiserte *skriftnormaler* (offisielle eller private).

I virkeligheten er både bokmål og nynorsk noe mer enn dagens offisielle eller private rettskrivninger. De er historiske produkter, og de er bruksspråk, og i disse egenskapene inkluderer de former som tidligere har vært offisielle, men ikke lenger er det, og former som er i bruk uten å ha vært tatt opp i noen offisiell rettskriving (ennå?). De offisielle skriftnormalene er da ei *kodifisering* av det den norske staten ønsker skal gjelde som norm for språkbruken i dag. Riksmålet er ei tilsvarende privat kodifisering av de mest konservative (eller tradisjonelle) formene i bokmålet, stort sett innafor rammen for den offisielle bokmålsrettskrivinga, men for en del formers vedkommende utafor. Ei tilsvarende privat kodifisering på nynorsksida har vi i «vestmannanynorsken» (som det ikke er gitt ut spesielle lærebøker eller ordlister i, men som likevel eksisterer som en realitet, bygd på tidligere offisiell nynorskrettskriving). Også andre slike kodifiseringer kan tenkes, for eksempel spesielle forlagsnormaler innafor læreboknormalen.

Jeg mener altså at vi stadig må regne med to hovedvarieteter av norsk skriftspråk, bokmål og nynorsk, og at hver av dem har ulike «undervarieteter», kodifisert som normaler. Riksmålet er en slik «undervarieteter», likeså de offisielle skriftnormalene (som sjølsagt har en prestisje og autoritet som gir dem spesielt stor betydning og gjennomslagskraft i samfunnet).

Lars S. Vikør

I. Eit lovutkast

I fjor la det såkalla samekulturutvalget (med Kirsten Myklevoll som «formann») fram første del av tilrådinga «Samisk kultur og utdanning» (NOU 1985:14). Den omfatta blant mye anna eit utkast til ei samisk språklav. Vi gir att utkastet her.

Kapittel I: Alminnelige bestemmelser.**§ 1: Hovedbestemmelse.**

Samisk og norsk er likeverdige språk og skal likestilles som offisielle språk etter bestemmelsene i denne lov.

§ 2: Lovens virkeområde.

Reglene i lovens kapittel III gjelder bare i kommunene Karasjok, Kautokeino, Kåfjord, Nesseby, Porsanger og Tana.

Kongen avgjør om lovens kapittel III eller deler av dette skal gjelde i andre samiske bosettingsområder.

Mindretallets forslag:

Kongen avgjør til enhver tid hvilke områder som skal komme inn under kapittel III eller deler av dette.

§ 3: Samisk som kommunalt hovedspråk.

Kommunestyret kan bestemme at samisk skal innføres som hovedspråk i den interne kommunale forvaltning.

§ 4: Unntak fra loven

Der særlige grunner taler for det, kan Kongen helt eller delvis gjøre unntak for organer som faller inn under loven.

Kongen kan i tvilstilfelle avgjøre om et organ eller en privatperson som utøver forvaltningsvirksomhet, faller inn under denne lov.

Kapittel II: Rett til å bruke samisk og til opplæring**§ 5: Rett til å bruke samisk.**

Samisktalende har rett til å bruke sitt eget språk for å ivareta egne interesser overfor domstoler og politimyndighet og som pasienter ved helseinstitusjoner.

De har likeledes rett til individuell geistlig betjening på morsmålet.

§ 6: Rett til opplæring.

Alle samer har rett til opplæring i samisk.

Med same menes i denne sammenheng enhver som regner seg som same, og som enten:

- (a) har samisk som førstespråk, eller
- (b) har far eller mor med samisk som førstespråk, eller
- (c) har bestefar eller bestemor med samisk som førstespråk, eller

(d) er knyttet til samisk miljø gjennom ekteskap, bopel eller oppvekst.

Elever har rett til undervisning i og på samisk etter reglene i lov om grunnskolen og lov om videregående opplæring.

Kapittel III: Samisk språk i samiske sentralområder.**§ 7: Rett til å bruke samisk.**

Enhver har rett til å bruke samisk i kontakt med kommunale organer. Det samme gjelder overfor fylkeskommunale organer hvis arbeidsfelt og ansvar gjelder det området der vedkommende bor. Statsorganer hvis arbeidsområde er begrenset til ett av de fylker der kapittel III delvis er gjort gjeldende, likestilles med fylkeskommunale organer.

§ 8: Rett til utdanningspermisjon.

Alle kommunale tjenestemenn har krav på permisjon med lønn for gjennom utdanning å skaffe seg den kompetanse i samisk som stillingen krever.

Det samme gjelder embets- og tjenestemenn i statlige og fylkeskommunale organer hvis arbeidsområde er begrenset til de kommuner som er nevnt i § 2.

Embets- og tjenestemenn i andre offentlige organer som omfattes av dette kapittel, kan også få slik permisjon i den utstrekning organet mangler samiskkyndig personell.

Avslag på permisjonssøknad etter denne bestemmelse kan påklages til departementet. Reglene i forvaltningslovens §§ 24 og 25 og kapittel VI gjelder tilsvarende så langt de passer.

§ 9: Fortrinnsrett ved tilsetting.

Ved tilsetting i organer som er pålagt å følge reglene i dette kapittel, har samisktalende fortrinnsrett dersom de ellers fyller vilkårene for tilsetting.

§ 10: Offentlige kunngjøringer.

Offentlige annonser og kunngjøringer av enhver art skal publiseres både på norsk og samisk.

Kapittel IV: Administrative bestemmelser.**§ 11: Oversetting av lover.**

Lover av spesiell interesse for den samiske befolkning skal oversettes til samisk.

§ 12: Samisk språkråd.

Det opprettes et Samisk Språkråd som tar seg av de oppgaver og interesser denne lov fastsetter.

Kongen gir nærmere regler om rådets sammensetning, oppnevning, funksjonstid m.v.: og om rådets arbeidsoppgaver.

§ 13: Fortrinnsrett ved tilsetting.

Ved tilsettinger i organer som er pålagt å følge loven har samisktalende fortrinnsrett under ellers like vilkår.

§ 14: Rett til utdanningspermisjon.

Embets- eller tjenestemenn i andre offentlige organer enn de som er nevnt i § 8, har rett til permisjon med lønn for å skaffe seg kompetanse i samisk i den utstrekning det er behov for det i stillingen.

Bestemmelsen i § 8 fjerde ledd gjelder tilsvarende.

§ 15: Klagerett.

Om noen mener at et organ ikke følger reglene fastsatt i eller i medhold av denne lov, kan de klage på dette til overordnet organ. Klageretten gjelder bare i saker som angår vedkommende selv.

Samiske organisasjoner har likevel alltid klagerett.

Reglene i forvaltningslovens kapittel VI gjelder tilsvarende så langt de passer.

§ 16: Dekning av utgifter.

De utgifter denne lov påfører kommuner og fylkeskommuner dekkes i sin helhet av staten.

§ 17: Melding til Stortinget.

Kongen skal annethvert år legge fram melding for Stortinget om gjennomføringen av denne lov.

§ 18: Ikrafttreden m.v.

Denne lov trer i kraft fra den tid Kongen bestemmer.

Kongen gir nærmere forskrifter om gjennomføringen av denne lov.

Samisk språk?

II. Ei fråsegn

Norsk språkråd drøfta dette lovutkastet på møtet sitt den 24.–25. januar (sjå side 9 her i bladet). Vi gir att den fråsegna som vart vedtatt her. (LSS hadde ikkje forma ut si fråsegn da bladet gjekk i trykken, men den kjem til å gå i same retning som Språkrådets.)

Norsk språkråd stør arbeidet for å styrkje den stillinga samisk språk og kultur har i Noreg. Det er både politiske, historiske, juridiske, sosiale og kulturelle grunnar for å sikre samisk språk og kultur ein trygg plass i framtidssamfunnet. Samane bør ha ein like sjølvsgad rett til å halde fast på språket og kulturen sin som norskstalande har. I eit samfunn der to folk og to kulturar lever nær innåt einannan, bør og kan desse to kulturane vere til gjensidig styrke og verdi for kvarandre. Det er eit samfunnsansvar å leggje forholda til rette slik at dette skal kunne skje. Dersom det samiske språket skal ha livs- og utviklingsvilkår i tida framover, er det viktig at det offentlege tek ansvar for det i mykje høgare grad enn i dag. Den offisielle holdninga til samisk språk har skifta gjennom tidene, frå direkte forbod (jf. Instruks av 1898) til passiv aksept (Lov om folkeskolen 1959). Framlegget om ei eiga språklov er eit uttrykk for vilje til ikkje berre å tolerere bruk av språket, men også til aktivt å stø samisk språk, og med det heile den samiske kulturen. Dette prinsippet, at styresmaktene freistar å gje eit minoritetsspråk vern gjennom lovgjeving, blir følgt i fleire andre fleirspråklege land. Norsk språkråd stør såleis framlegget om at det blir vedteke ei samisk språklov.

Også for det samiske språksamfunnet er det viktig at dei pliktene samfunnet har og dei rettane samane har, blir nedfelte i ei språklov. Den første og overordna paragrafen i lovframlegget slår fast at «samisk og norsk er likeverdige språk og skal likestilles som offisielle språk →». Det synest klart at samisk språk og kultur i dag er truga. Om samane skal kunne halde fast på sin språklege og kulturelle eigenart også i framtida, må det raskt setjast i verk konkrete, praktiske tiltak. Som utvalet fleire stader peiker på (s. 172, pkt. 85.4 og s. 210, pkt. 9.5 m.a.) er status som offisielt språk, og ikkje minst den stillinga språket har i skoleverket, avgjerande for om det skal få leve og vidareutvikle seg som

eit levande språk, som eit brukspråk.

Norsk språkråd er samd i at det er behov for å styrkje bruken av samisk i offentlig administrasjon og i skoleverket. Jamstilling mellom norsk og samisk som offisielle språk etter dei retningslinene som utvalet gjer framlegg om, kan utan tvil vere eit godt verkemiddel i denne samanhengen; det same kan innføring av full morsmålsstatus for samisk i skolen i samiske distrikt. Etter det vi kan sjå, er ikkje utkastet til samisk språklov (s. 189–190, pkt. 8.7) i strid med grunnprinsippa i den eksisterande norske lovgjevinga om språkbruk, språkvern og språkdyrking. Det går klart fram av lovutkastet og merknadene til det (pkt. 8.8) at intensjonen bak framlegget er å sikre samiskstalande språklege rettar som stort sett er på line med dei rettane norsktalande har, m.a. i samsvar med Lov om målbruk i offentleg teneste.

I § 3 går utkastet til språklov utover rammene for den norske mållova: Kommunestyret kan bestemme at samisk skal innførast som hovudspråk i den kommunale administrasjonen. Om ein kommune vil gjerre bruk av denne retten, inneber det «at all saksbehandling skal skje på samisk» (s. 192). Norsk språkråd meiner at det vil vere viktig for lagraden til det samiske språket om kommunane får lovheimla rett til å innføre samisk som administrasjonsmål. Samstundes vil det få store konsekvensar for innbyggjarane i ein kommune dersom kommunen gjer vedtak om dette. Eit viktig spørsmål som melder seg, er kva for språklege plikter kommunane som innfører samisk som administrasjonsspråk, skal ha overfor dei norsktalande innbyggjarane i kommunen. Norsk språkråd finn det rimeleg at desse, dersom dei ikkje meistar samisk, skal ha rett til å skrive til og få svar frå kommunale kontor, etatar o.l. på norsk (bokmål eller nynorsk). Dei bør òg ha rett til å få offentlege (kommunale) dokument og informasjonstilfang på


norsk. Sidan nokså mange norsktalande i samiske distrikt ikkje meistar samisk, meiner vi at denne retten bør gjelde alle former for kontakt med samiske styresmakter, i alle fall no og i nær framtid. Etter det vi kjenner til, vil dette neppe føre til praktiske problem.

Vi er klar over at ein slik rett kan representere ein fare for utvatning av eit eventuelt kommunalt vedtak om samisk som administrasjonsmål. Også personar som meistar samisk, kan av ymse grunnar krevje å få bruke norsk i korrespondanse med kommunale organ. Norsk språkråd meiner derfor at det må arbeidast vidare for å finne fram til reglar og prosedyrar som kjem behovet til den norsktalande i møte og tek omsyn til bruken av samisk som kommunalt administrasjonsmål. Dette er eit spørsmål som bør vere avklara før kommunane eventuelt får lovheimla rett til å innføre samisk som administrasjonsmål.

Dersom § 3 i utkastet blir vedteken, bør også Lov om målbruk i offentleg teneste endrast slik at kommunar med samisk administrasjonsmål kan krevje at statsorgan vender seg til dei på samisk, dersom dei ønskjer det. Dette svarer til den retten kommunane i dag har til å definere seg som bokmålskommunar, nynorskkommunar eller som språkleg nøytrale kommunar andsynes dei sentrale statlege styresmaktene. Også reglane i mållova om informasjonstilfang, kunngjeringar o.l. (§ 8 i Lov om målbruk i offentleg teneste) bør i så fall tilpassast den nye situasjonen.

Utvalet gjer vidare framlegg om at det blir innført fortrinnsrett for samiskstalande i offentlege stillingar der ein etter dei nye reglane må meistre samisk, og rett til utdanningspermisjon med løn for embets- og tenebefolk i slike stillingar. Etter vårt syn har utvalet med dette lagt opp til praktiske løysingar som bør kunne gjennomførast.

Når det gjeld framlegget om å opprette eit samisk språkråd, har vi ingen merknader. □



ELIZABETH MARIE

BØKER

TRÅDANE SKAL SAMLAST

To nye norsk bøker for den vidaregåande skulen

Norskfaget er omdiskutert. Det har lenge frå ulike hald vore klaga over at faget sprikjer. Mangt og mykje har komme til i faget, lite har forsvunne, blir det sagt. I tillegg har den småkrusinga som kvar generasjon av norsklærarar får mot seg, at ungane ikkje kan skriva lenger, vorte til skikkelege kulingbølgjer no midt i åttiåra. Herren sjølv, næringslivet, har no sagt at dei får for dårleg råmateriale frå skulen, og då er det mange som skvett til. For norsklærarar er dette sjølv sagt eit tveeggja sverd: Truleg vil det føra til meir vekt på mormålet i skulen, og det er me glad for. Samtidig ligg sjølv sagt faren for eit meir straumlinja og veltilpassa fag og lurar attom neste fagplan.

Med dette siste i bakhovudet blir det svært viktig kva slags lærebøker som kjem dei nærmaste åra. Lat det vera sagt med ein gong: Samlagets *Språkboka* og Aschehougs *Alle tiders norsk* bør ha stor angstdrivande virkning på oss som er redde for at dei nye tankane som voks fram i 70-åra skal forsvinna. Bøkene har same siktemål: Dei skal dekkja heile språkdelen i norsk for alle tre åra på allmennfag i vidaregåande skule. Ved sida av den praktiske sida med berre å ha ei bok, legg alle forfattarane vekt på at dei har prøvd å visa samanhengen mellom dei ulike delane i norskfaget. Det gjeld ikkje berre

innanfor språkdelen, det blir òg lagt vekt på å bryta ned skiljet mellom språk og litteratur. Den tekstkritiske nærlesinga me kjenner frå universiteta på 70-talet kjem her att i læreboka. Eit anna kjent trekk frå 70-åra er den store vekt på talemålet, med utgangspunkt både i sosiale og geografiske forhold. I dette er det lite og inkje som skil dei to bøkene. Målsetjinga og hovudoppbygginga er overraskande lik. «Barna må jo lære

Av

Jan Olav Fretland

seg et dannet talesprog»-tanken er gledeleg fråverande, og i staden er det lagt stor vekt på å skapa språkhaldningar som ikkje verkar undertrykkjande.

Eit anna fellestrekk er den store vekt på eksempel. I tråd med nyare læreboktradisjon får ein aldri lov til å slappa av og læra om, ein må læra direkte, av originale tekster. (Begge forfattarkollegia klagar litt i forordet over at dei må normera ein del tekster for mykje, på grunn av strenge reglar i Norsk språkråd.) Når til dømes Tove Berg og Reidunn Guldal skal skriva om normering, begynner dei med ulike variantar av bokmål og nynorsk og går gjennom det som er ulikt. Ut frå dette kan dei så komma med visse slutningar om

norsk språksituasjon, som dei bygger vidare på.

Lik oppbygging

«Spiralprinsippet» rår i begge bøkene. Det vil seia at dei inneheld ein første del som er tenkt for 1. årssteget, der dei legg eit grunnlag for emne som blir tekne meir grundig opp seinare i bøkene. *Alle tiders norsk* tek til med delen «Mennesket og språket», ei innføring i språkvitenskapleg tenkemåte (semantikk, språklege verkemiddel, kommunikasjonssituasjonen). Etterpå kjem ein del om talemålet (mest om dialekt). Delen om språkplanlegging går rett over i ei språksoge *baklengs*. Etter dei nemnde døma på ulike normeringar i bokmål og nynorsk går forfattarane laus på rettskrivingsvedtaka frå 1981, og endar med norrønt med litt urnordisk og mellomnorsk i kjølvatnet. Løysinga til Berg og Guldal her er original og pedagogisk vellykka, trur eg. Rundt 20 sider er vigde til nordiske språk, der islandsk dominerer. Siste delen av boka utdjupar så sider av språkbruksanalysen (tekstelement, argumentasjon og genrelære) og blir avslutta med døme frå og tips for skriftlege oppgaver.

Språkboka har ein forstedel med vekt på tale/skrift. Aller først er det eit artig kapittel om «Å seia noko utan ord». I 1. klasse-delen er òg eit stort kapittel med emne frå språk-

bruksanalyse. I vidareføringa legg me merke til eit eige kapittel om bildeanalyse, eit omdiskutert emne i norskkritikarar for tida. Deretter kjem ein stor del med språksosiologi, dialekt og språksoge. Språksogedelen går her den «normale» vegen og er nok meir tradisjonell enn hjå konkurrenten. Kjærkomme for oss som aldri har lært noko om emnet, er Ole Henrik Maggas kapittel om samisk språksoge. *Språkboka* blir og avslutta med utdjuping av språkanalysen. Boka har ordforklaringsar og ein del framlegg til særnemne.

Mindre mekanisk språkbruksanalyse

Språkbruksanalysen er i bøkene, særleg i *Alle tiders norsk*, dreia noko bort frå den einsidige vekta på sakprosa, reklame o.l. som har vore ei mare for ein god del norsklærarar i dei siste åra. Somme gonger har ein hatt ei kjensle av at det nye emnet som skulle øva elevane til kritisk lesing, er vorte den reine matematikken, med nøye innfylling av eit stensilskjema som læraren med kløkt og sveitte har snikra i hop på grunnlag av diverse lite trivelege eksamenssensurar. Bøkene legg vekt på spennvidda i språkleg og litterær analyse og legg meir vekt på kva som høyrer logisk saman enn å laga formelle båsar. Eit døme er måten *Alle tiders norsk* tek opp tekstbinding på. I same delen får me her høyra om «Gjentaking i bestemt form», «Synonym», «Same ord i ulik ordklasse», «Kontrast og sam-

anlikning», «samanheng gjennom slutningar», «Pronomen», «Konjunksjonar og adverb», «Sideordning og underordning», «Motsetning», «Årsaksforhold», «Tidsforhold», «Ordning av moment», «Logisk tekstsamanbinding» og «Tekstsamanbinding gjennom assosiasjonar». Desse emna har me nok tradisjonelt hatt føre oss i heilt ulike samanhengar i norskfaget. Her har dei fått meir mening, gjennom den raude tråden *Tekstbinding*. Med dette utgangspunktet overraskar det vel ingen at bøkene ikkje har ein eigen del med grammatisk analyse. Det får ikkje hjelpa kva tysklæraren seier: Dei indirekte objekta og alt deira vesen høyrer ikkje til her.

Det er ikkje rett å gå inn på noka mannjamning mellom dei to bøkene. (Sidan 4 av 6 forfattarar er jenter, måtte det vel heller bli kvinnjamning, viss det går an...) Til det er dei for like. Forresten, ein grunnleggjande forskjell kan ein peika på: *Språkboka* har halvparten av stoffet på nynorsk og halvparten på bokmål og finst såleis i berre ei utgåve. *Alle tiders norsk* har tradisjonelle parallellutgåver (nynorskutgåva er i kjømda).

Utforminga av bøkene tykkjer eg er bra. Aschehoug-boka brukar mykje bilde-stoff, medan Samlaget har eigen teiknar på boka. I tillegg har begge bøkene variert historisk illustrasjonsmateriale. Kanskje Hårek i *Språkboka* snart er oppbrukt? Han har vore med jamt ei stund no.

Ein del spørsmål får ein ikkje svar

på før ein har prøvd boka med fleire klassar. Eg har snakka med norsk-ektorar som forebels er godt fornøgd med bøkene. Ein lurar på om noko av teoristoffet, til dømes det om semantikk i *Alle tiders norsk*, er for vanskeleg, men slikt må utprøvast før ein kan meina noko med særleg tyngd om det. Eg meiner elles at begge bøkene hadde tent på å ha eit lite tillegg med dei viktigaste rettskrivingsreglane. Ikkje minst for å avmystifisera dette med formalkunnskap, trur eg bøkene kunne hatt nokre gamle (eller nye) gode hugseglar og hjelpesetningar eller -sogar. Samlaget skal komma med ein minigrammatikk, kanskje den er svar til meg, men den har eg ikkje sett.

Det mest spennande i norskfaget framover, er om me norskfolk greier å få fram *at* og *korleis* norskfaget har gått framover i 70-åra og 80-åra. Eg tykkjer det har vore ein del tendensar i det siste til at alle ojar seg over denne akk så bedrøvelege nivåsenkinga og gløymmer nyvinningane i faget. Der må ikkje norskfilologane svikta! *Alle tiders norsk* og *Språkboka* er gode døme på *nivåhevinga* og den auka innsikten i faget vårt. □

Trond Andresen, Kari Haave, Else Ryen og Geir Vestheim: *Språkboka*, Det Norske Samlaget 1985. Kr. 149,-.

Tove Berg og Reidunn Guldal: *Alle tiders norsk*. Aschehoug 1985. Kr. 168,-.

IVAR AASEN I NY UTGAVE

Eitt av dei mange kulturtiltaka her i landet som ikkje får store oppslag i «landsomfattande» media er det vesle forlaget Vestanbok, som vossingen Johannes Gjerdåker driv som eit einmannstiltak. Produksjonen på dette forlaget er heller ikkje stor, men han er utsøkt. I fjor kom såleis eitt av dei mest skilsettande skrifterne i norsk språk- og kulturhistorie ut på Vestanbok: Ivar Aasens *Prøver af Landsmaalet i Norge* – den boka der den målforma vi i dag kallar nynorsk for første gong vart presentert offentleg. Det skjedde i 1853, 2. utgåve av boka kom i 1899 – og først no er altså det tredje opptrykket komme etter at boka i mange tiår ikkje har vore å få.

Dette var den tredje Aasenboka på Vestanbok. For to år sia kom eit utval av seks Aasen-artiklar under tittelen *Om grunnlaget for norsk målreising*, utvalt og med innleiing

av den engelske Aasen-forskaren Stephen J. Walton. Artiklane i boka er desse: *Om vort Skriftsprog* (1836), *Om Dannelsen og Norskheten* (1857), *Om Sprogsagen* (1858), *Minningar fraa Maalstriden um Hausten 1858* (1859), *Fortale til Norsk Grammatik* (1864) og *Atterførsel* (1883). Til saman gir artiklane eit bilde av utviklinga i Aasens tenking

Av Lars S. Vikør

og argumentasjon kring språkproblemet frå han i ungdommen for seg sjølv stilte seg den oppgåva å grunnlegge eit nytt norsk skriftspråk, til han liksom oppsummerer språksynet sitt som syttiåring med hovudverka sine bak seg.

I den lange innleiinga si set Walton Aasens utvikling inn i ein større samtidssamanheng. Hovudpåstan-

den hans er at Aasen ikkje var nasjonalromantikar, men at han er blitt tolka slik delvis fordi han nytta uttrykk og bilde frå nasjonalromantikken når han argumenterte, delvis fordi han av taktiske grunnar la argumentasjonen sin opp til den nasjonalromantiske ideologien. Walton kallar Aasen «populist», sjølvsgatt fullt klar over at dette omgrepet var ukjent for Aasen. Det er solidariseringa med bygdefolk og motsetnaden til embetsstanden Walton samlar i «populisme»-nemninga, mens han i nasjonalromantikken først og fremst ser embetsstandens strev med å utnytte nasjonale symbol for å skaffe seg sjølv og si eiga makt legitimitet.

Det har laga seg to klare tradisjonar i synet på Ivar Aasen: den eine ser han som ein nasjonalromantikar som framfor alt ønskte å skaffe landet eit heilnorsk normalspråk med norrøne røter, den andre som

talsmann for ei kulturell bondereising eller jamvel ein forkjempar for «underklassas» språk og kultur generelt. Den sistnemnte tradisjonen har fått ei sterk oppleving etter 1970, og Walton plasserer seg klart her. Noe særleg nytt for dei som kjenner litteraturen om Aasen kjem han ikkje med, det måtte einast vere sjølv nemninga «populist» i denne samanhengen og den sterke betoninga av Aasen som taktikar. Men det er ei god innføring i bakgrunnen for dei artiklane av Aasen som følgjer utover i boka.

Som andre Aasen-beundrarar kan Walton komme i skade for å bli for lite kritisk her og der. Han reknar opp gjengse innvendingar mot Aasens verk: at Aasen var for glad i gamle former, at han let seg påverke av P.A. Munch, at normalen hans var eit daudfødt kunstprodukt, at han hadde ein hang til mindretalsformer, og at han hadde altfor stor trong til reglar i alle ting. Walton tilbakeviser alt dette på ein grei måte ved å gjere greie for Aasens metodar i dialektjamføringa og utforminga av fellesnormalen. Men han nemner ikkje at sjølv om kritikarane tok feil av Aasens metodar og intensjonar, måtte resultatet av arbeidet hans gi grunnlag for nettopp slike ankemål som Walton refererer. Det fins ei indre motseiing mellom Aasens intensjonar og dei metodane han brukte, og det er den som er grunnlaget for dei ulike dommane om han som er avsagt seinare. Dette blir tildekt hos Walton, og forsåvidt hos dei fleste andre som skriv om Aasen, enten det er beundrarar eller motstandarar.

Walton dreg fram eit nytt moment når han viser til busetnadsutviklinga etter 1850 og den innverknaden den fekk på språkutviklinga: folketalet i byane, særleg på Sørøstlandet, auka fort, mens dei landsdelane der dialektane låg nærast Aasen-normalen, vart utflyttingsområde. Dette kunne ikkje Aasen forutsjå da han forma ut normalen sin, seier Walton. Det har han rett i, men det er og blir eit faktum at Aasen-normalen var klart meir arkaisk enn hovudtyngda av dialektane alt da han vart forma ut. Dette faktumet vart berre forsterka av folkeflyttingane, men samtidig motverka av endringane i nynorsknormalen ned gjennom tidene.

Korleis denne Aasen-normalen faktisk var, kan vi sjå i *Prøver af Landsmaalet i Norge*. Boka har to delar: ei samling prøver av bygdemålstekster frå Lofoten og sørover, men utan Sørøstlandet, og noen tekster på «et almindeligt Landsmaal». Alle bygdemålstekstene er

folkloristiske, mens landsmålstekstene representerer fleire sjanrar, blant dei lyrikk og sakprosa.

Det er ikkje den «ferdige» Aasen-normalen vi finn i *Prøver af Landsmaalet*, men ulikskapane er ikkje store. Dei viktigaste avvika er bruken av endinga -o i bestemt form eintal av svake hokjønnsord, sløyfinga av *j* framfor *e*, *æ* og *ø*, og bruken av formene *dan*, *da(t)*, *dar* for *den*, *det*, *der*. Han skreiv altså *dan Gento* der han i sin endelege normal (i *Norsk Grammatik* frå 1864) skreiv *den Gjenta*.

Aslak L. Helleve og Magne Myhren har skrive kvart sitt etterord til boka. Helleve tar for seg den kulturhistoriske betydninga av *Prøver*, mens Myhren mest konsentrerer seg om det språklege – spesielt er han opptatt av å «frikjenne» Aasen for påverknad frå P.A. Munch. Han gir ei grei oppstilling av korleis Aasens forsøksvis normering utvikla seg utover i 1840-åra, og viser at han hadde hovudprinsippa klart for seg før han i det heile fekk kontakt med Munch.

I den andre utgåva av *Prøver*, ved dialektgranskaren Amund B. Larsen, vart det tatt inn eit tillegg med rettingar. Dei er ikkje tatt med i denne utgåva fordi feila «kan få ein som les utan ettertanke til å gjera

Aasen mindre enn han er», skriv Helleve. Aasen sjølv åtvarar mot feil, og gir dei ymse stykka «karakterar» etter kor påliteleg han meiner oppskriftene er. Det kan neppe seias å vere i hans ånd å sløyfe rettingane, og det er vel òg misforstått pietet å tru ein gjer ein pioner som Aasen større ved å dekke over at også han gjorde feil i småting.

Endeleg må eg nemne at det er uheldig å «fornorske» tittelen på boka utanpå permen. Det er vanleg skikk ved opptrykk av bøker å bruke den tittelen forfatternen sjølv har brukt, og *Prøver* er alltid blitt referert til med Aasens danske tittel (slik også i Helleves og Myhrens etterord). Den nynorske tittelen på denne nye utgåva skaper neppe store problem, men dei er unødvendige.

Heilt til slutt skal eg berre minne om den første boka i Vestanboks Aasen-serie: nyopptrykket av *Norske Ordtak* frå 1982. □

Ivar Aasen: *Om grunnlaget for norsk målreising*. Utval og innleiing ved Stephen J. Walton. Vestanbok Forlag 1984 Kr. 125,-.

Ivar Aasen: *Prøver av landsmålet i Noreg/Prøver af Landsmaalet i Norge*. 3. utgåve (1. utgåve 1853). Vestanbok Forlag 1985. Kr. 95,-.

NORSK DIALEKTKUNNSKAP

Av Tor Erik Jenstad

Boka «Norsk dialektkunnskap» av Helge Sandøy kom ut i fjor. Det er ei brei innføring i studiet av talemål, der vi får samla på ein stad stoff som ein tidlegare har måtta leite etter i forskjellige kjelder. Kort sagt er målføreknnskap og språksosiologi her støypt saman i ei bok.

Dette gjer boka til ei verdifull nyskaping her i landet, og ho vil nok bli både til nytte og lette for mange. Svært praktisk er det også at Sandøy har teke med tilvisingar til andre deler av norskfaget, og til stoff som høyrer forprøvene til. Eg vil tru at «Norsk dialektkunnskap» nokså snart vil finne sin sikre plass på pensumlistene i norsk på universitets- og høgskulenivå. Men boka er såpass «kompakt» og metta med informasjon at ein kanskje vil få mest utbytte av henne om ein har ein viss bakgrunn i emnet, og ikkje les ho som ei første innføring.

Sandøy innleier med klårgjering av sentrale omgrep og gode motive-ringar for å studere talemål. Det tradisjonelle målførestoffet har så fått plass i kapitla «Dialekten som system» (kap. 2), «Dialektgeografi»

(kap. 4) og «Frå norrønt til dialektane i dag» (kap. 6). Det «gamle» målførestoffet blir her presentert i ei ajourført og aktualisert form, basert på nyvinningar i språkvitenskapen. Det er lagt stor vekt på lydverket (fonologien), men også dei andre delane av språksystemet får den plassen dei har krav på. Særleg positivt er det at det er gitt såpass stort rom for syntaktiske drag – det har vore ein lei mangel ved tidlegare framstillingar om norsk talemål.

Dei forskjellige språklege fenomenane blir gjennomgått i tilknytning til målprøver, noko som for meg verkar som ei heldig løysing. For kvar dialekt som er presentert ved ein prøve, blir det sett opp ei kort grammatikk-skisse – ein absolutt hensiktsmessig arbeidsmåte som det er nyttig å tileigne seg for ein talemålsstudent.

Vi får eit eige kapittel om tale og skrift (skilnader på muntleg og skriftleg språkbruk) og eitt om sosial variasjon i talemålet.

Sandøy tek også opp språkutviklinga i dag, med dei nyaste tendensane vi kan registrere, mellom anna utviklinga mot regionaltalemål. Her

kan han dra inn heilt ferske forskingsresultat, og såvidt eg kan sjå, har det mest vesentlege komme med. Når det gjeld utviklinga på ordplanel, som eg sjølv er oppteken av, nemner Sandøy korrekt nok at ord knytt til gammalt arbeidsliv døyr ut når arbeidsmåtane ikkje lenger er aktuelle, og like eins at lokale nemningar på t.d. dyre- og fugleartar, kroppsdelar og sjukdommar er på veg ut. Eit godt poeng trur eg Sandøy har når han seier at massemedia i dag etablerer det «normale» ordforrådet, og at synonyme dialektord kjem bort. For meg ser det dessutan ut til at mange dialektord som ikkje burde vore uaktuelle og som heller ikke har synonym i «normalmålet», også er i faresona. Det gjeld t.d. fint nyanserte adjektiv og substantiv som blir brukt særleg til å karakterisere personar, men også forskjellige forhold og situasjonar.

Rett inn i vår aktuelle språkdebatt går kapitlet om tale- og skriftnorm. Sandøy er balansert, og lar argument både for og imot talemålsnormering få stå fram og tala for seg sjølv. Kapitlet «Dialektkunnskap i skolen»

inneheld mange gode tips for lærarar.

«Norsk dialektkunnskap» er ei bok som femner vidt, og det er ikkje råd her å komma inn på alle sider ved framstillinga. Men trass i at forfattaren har tatt seg «rikt tak», meiner eg han har greidd å bevare einheita og halde ein raud tråd gjennom boka. Eg har ikkje nemnande innvendingar mot opplegg og gjennomføring, og eg finn massevis av gode poeng.

Ein må berre slå fast at det finst ein del feil av det slaget som er svært vanskeleg å luke bort – dette gjeld vanlege korrekturfeil, men også slikt som gale tonelagstegn og feil skravering på kart. Det ser eg ingen grunn til å ramse opp i detalj her.

Verre er det når det førekjem feil på målførekarta. Slike har eg merkt meg fleire av på område der eg tilfeldigvis har litt detaljkunnskap sjølv. Dette er helst slikt som Sandøy dreg med seg frå eldre framstillingar (Christiansen, Helleland/Papazian og Skjekkeland), og det vil sikkert bli påpeika av andre anmeldarar. Det verste synest eg like vel

er at hovedgrensa for inndeling av norske målføre, nemleg for jamvektsregelen, stadig er feil. Ein del av Sunndal kommune, nærmare bestemt Øksendalen, er også hos Sandøy plassert i lag med Austlandet, slik at målet her altså skal ha jamvekt utan apokope. Dette er både framstilt på kart (s. 121) og nemnt i teksten (s. 120). Men det høyrer ingen stad heime. Som halvt øksendaling kan eg seie at øksendalingane apokoperer like mykje som andre nordmøringar og at målet der såleis høyrer heime i den trønderske gruppa. Slikt bør bli retta i dei nye opplaga som eg er sikker på vil komma.

Trass i desse klagene på enkelte detaljar står det fast at vi har fått ei viktig og nødvendig lærebok i forskjellige sider ved norsk talemål. Og Sandøys eigen språklege praksis syner ein liberalisme som burde falle i god jord hos lesarane av «Språklig samling». □

Helge Sandøy: *Norsk dialektkunnskap*, Novus Forlag 1985. Kr. 148,-.

LOVER FOR LSS

Vedtatt på landsmøtet 10. oktober 1976 med endringer av 23.10. 1983.

- § 1. Formålet til Landslaget for språklig samling (LSS) går fram av det prinsippprogrammet som er lovlig vedtatt i organisasjonen. LSS er partipolitisk uavhengig.
- § 2. Dei som deler det synet på språksaka som LSS hevdar gjennom prinsippprogrammet sitt og som betaler medlemskontingent, kan bli medlemmer, direkte eller gjennom lokallag.
- § 3. LSS gir ut bladet *Språklig Samling*. Bladet kjem normalt ut fire gonger for året. Landsmøtet eller landsstyret fastset abonnementsprisen på bladet. Redaktøren er ansvarlig overfor landsmøtet.
- § 4. Landsmøtet er øvste organet i organisasjonen. Normalt skal det vere landsmøte kvart anna år, men sentralstyret kan kalle inn til landsmøte oftare. Deres minst 50 medlemmer krev det, skal det haldast ekstraordinært landsmøte. Alle som har vori medlem i organisasjonen i minst 3 månader og som har betalt kontingent, kan delta på landsmøtet.
- § 5. A. Landsmøtet vel ti medlemmer med varafolk som saman med sentralstyret dannar lands-

styret. I ein landsmøteperiode er landsstyret øvste organ i organisasjonen.

B. Landsmøtet vel eit sentralstyre med slike medlemmer: Leiar, nestleiar, sekretær, kasserar, redaktør og tre styremedlemmer. Til sentralstyret skal det veljast tre varamedlemmer, helst blant dei som sit i landsstyret eller er varafolk til landsstyret.

C. Landsmøtet vel valnemnd med 3 medlemmer.

D. Landsmøtet vel representantane til LSS i Norsk språkråd.

E. Landsmøtet fastset prinsippprogram til organisasjonen. Endringsframlegg til prinsippprogrammet kan vedtakast med simpelt fleirtal, men må først vere lagt fram til drøfting i bladet.

F. Landsmøtet fastset medlemskontingenten.

- § 6. Landsstyret er vedtaksført når minst åtte medlemmer er til stades, sentralstyret når minst fire medlemmer er til stades. Sentralstyret er ansvarlig for at referat frå møta i landsstyret og sentralstyret blir sende til medlemmene og varamedlemmene i sentralstyret og landsstyret.

Merknader til referatet må sen-

dast til leiaren innan neste styremøte, elles er referatet godkjent.

- § 7. Framlegg til endringar i lovene krav 2/3 fleirtal på landsmøtet for å bli vedtatt.

Framlegg om oppløysing av organisasjonen må ha 2/3 fleirtal på to etterfølgjande ordinære landsmøte for å bli vedtatt. I begge høve skal framlegga først vere lagde fram til drøfting i bladet.

«BENHÅRD»

Vi som er glade i vanlig norsk språk, blir ikke akkurat bortskjemte av å se på TV nå om dagen. Nå tutes vi ørene fulle av ord som klokken, boken, elven, tiden, solen, natten, osv. osv. Men trass i all den hardtreninga vi får i å tåle dette, skvatt jeg likevel litt ekstra i godstolen her en kveld da jeg fikk høre ordet «benhård». Det var Dan Børge Akerø som presenterte denne «blomsten». Jeg trur ikke jeg har hørt det ordet før. Det er jo «beinhard(t)» det tales og skrives overalt ellers nå. Særlig i sportsspråket, men også ellers. Derfor skurra det ekstra sterkt i ørene mine da jeg hørte dette.

Finnes det ikke noen som helst regel for språkbruk i NRK nå?

Tomas Refsdal

SPRÅKLIG SAMLING

Returadresse:

Postboks 636, Sentrum, 0106 OSLO 1

Kom med forslag til litteraturprisvinner!

I vedtektene for Språklig Samlings litteraturpris står det: «Alle medlemmer av LSS har forslagsrett.» Derfor oppfordrer vi alle medlemmer som har forslag på prisvinner til å sende dem inn til juryen. Prisen skal fortrinnsvis gis til forfattere som bruker et klart radikalt bokmål, uansett om de skriver skjønnlitteratur for voksne eller barn, sakprosa, eller hva det måtte være. I spesielle tilfeller kan prisen også gis for muntlig språkbruk i radio eller fjernsyn.

Forslag kan sendes inn til sentralstyret eller til juryen. Det er oppnevnt en ny jury som skal fungere i fireårsperioden 1986 t.o.m. 1989, og der sitter Ragnar Baartvedt, Per Bache, Anne-Ma Grønlie og Thore A. Roksvold. Sentralstyret har i samråd med Tomas Refsdal bestemt at prisutdelinga heretter skal skje om høsten, og fristen for innsending av forslag blir derfor 1. juni.

Prisen består av de årlige rentene av Tomas Refsdals litteraturfond. Fondkapitalen har til nå vært kr. 100 000, gitt som gave av Tomas Refsdal i 1980, og prisen har dermed ligget på 10 000 – 12 000 kroner. Men ved årsskiftet 1985/86 har Refsdal gitt oss ei ny generøs gave ved å legge nye 100 000 til fondet, og det betyr at prisen vil øke og snart være fordobla.

Smånytt

For et år sia skreiv vi om Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur, som hadde bedt regjeringa godkjenne hele riksmålsnorma som del av det offisielle bokmålet (baksida av nr. 1/1985). Departementet sendte saka over til Språkrådet, og styret og fagnemnda der avviste kravet. Langslet har nå formidla avvisninga vidare til Akademiet. Han «ser det ikke som realistisk å ta initiativ til en ny fullstendig rettskrivningsrevisjon nå», men «antar at (Språk)rådet etter hvert vil kunne ta stilling til spørsmål som også Akademiet har reist».

Eit Dag og Tid- magasin

NYTT HJELPEHEFTE I NORSK

Heftet er laga av ei gruppe roynde pedagogar, og stoffet har vorte prøvd ut gjennom to år som serie i vekeavisa Dag og Tid. Etterspurnaden har vore stor, og stoffet er no samla i ei endeleg revidert utgave.

Heftet er ei handbok i korleis ein skriv godt nynorsk og gode stilar, og er like nyttig i undervisninga bade i hovud- og sidemaal.

Heftet er på 56 sider i magasin-format, og er delt inn i ni temadelar med arbeidsoppgaver.

Vil ligge fore til skolestart.

Eg tingar

..... stk. av
«Stilskrivning og
nynorsk språkbruk»
å kr. 40.-

Namn

Adresse

Send tinginga til
Dag og Tid, Karl Johans gt. 13
0154 Oslo 1
Tlf. (02) 11 14 55

Stilskrivning og nynorsk språkbruk



The illustration shows a large pig with a spotted pattern on its back, looking towards the left. Below it, several smaller piglets are running or playing. The style is a simple line drawing with some shading.